

NORSK ROCKFORBUND SPANDERER

# 3 identitetskurs!

På eit eller anna punkt i livet har vi vel alle prøvd å finne oss sjølve. Som ein del av vårt store Identitetsprosjekt vil vi no reise ut til 3 av dykk for å hjelpe til i jakten på dei eksistensielle spørsmåla!

## Kva er greia?

Prosjektet «Identitetsutvikling av norske konsertarrangørar» er snart i slutføringsfasa, og no vi skal vi endeleg byrje å hauste fruktene av alt vi har lært og erfart. I vinter har seks pilotprosjekt vorte gjennomført for å danne grunnlaget for eit varig kursopplegg - og omsider er vi endeleg klare til å dele den glade bodskapen med alle dykk andre!

Som ein avsluttande del av prosjektet skal vi altså gjennomføre tre Identitetskurs, som vi vil spandere på tre av medlemmane våre!

## Treng VI eit slikt kurs?

Svaret er ganske sikkert JA, for identitet er eit tema som krev kontinuerleg vedlikehald og vidareutvikling. Oppfattar omgjevnadane deg slik du helst ynskjer det? Jobbar heile organisasjonen med ein felles visjon – mot dei same målsetjingane? Nyttar de særeigenheitene dykkar for å skilje dykk ut i marknaden? Eller sit de eigentleg på ei gullgruve de ikkje er klar over?

Spørsmåla er mange, og svara enno fleir. Nokon fasit får du aldri, men med masse inspirasjon og ein god plan er du langt på veg!

## Kursopplegget:

Dette kurset er eit helgekurs over to dagar. Den eine dagen saman med kurshaldar frå oss, og den andre dagen på eigen hand for å jobbe vidare med resultatet og tiltaks- og framdriftsplanen som vi spikra i saman dagen før.

Arrangørane som deltek i kurset må stille med minimum 10 deltakande personar, maksimum 15. Deltakarane må representere breidda i organisasjonen (styret, dagleg leiing, interne og eksterne nøkkelpersonar og gjerne ein eller to heilt ferske).

Kursa skal gjennomførast i august eller september 2010. Kurshaldar vil følgje opp arrangørane noko også i etterkant.

## Kven kan søke?

Alle medlemmar i Norsk Rockforbund kan søke om å få eit slikt kurs. Utgangspunktet er at ein festival, ein klubb og eitt student-samfunn får delta.


## Kva kostar det?

Null. Nada. Niks! Vi dekkar alle utgifter til kurshaldar, reise og opphald for vedkommande. Men de må stille med eigna lokaler og lunsj den fyrste kursdagen.

**Er du klar?** Send mail til [eirik@norskrockforbund.no](mailto:eirik@norskrockforbund.no) seinast **14. juni** for å melde deg på i kurskampen!



# KUNSTEN Å VERA SEG SJØLV



Prosjektet er støtta av Kommunal- og regionaldepartementet